

# Sakspapir

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
089/2014	Kommunestyret	11.12.2014

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
Alf Magnar Strand	FA - B08	14/102

## Tilstandsrapport grunnskulen - nye lokale mål

Kommunestyret sluttar seg til dei måla som arbeidsgruppa har kome fram til og vil be om at måla blir innarbeidde i neste tilstandsrapport.

### Kommunestyret - 089/2014

#### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

**Marit Steinestø, Krf**, la framme følgjande endringsframlegg til mål i tilstandsrapport.

#### **1 Elevar og undervisningspersonal**

Mål 1: Auke elevtal gjennom å skapa gode læringsmiljø

Mål 4: Ta vare på dei nyutdanna/ufaglærte lærarane gjennom gode fadderordningar for alle, og at ein evaluerer bruken av ordninga med fadder.

#### **2 Læringsmiljø**

Mål 1: Talet på elevar som vert mobba, skal vera 0.

Etter drøftingar endra **Krf** sitt framlegg til mål i tilstandsrapporten **punkt 1 Elevar og undervisningspersonal:**

Mål 4: Ta vare på dei nyutdanna lærarane gjennom gode fadderordningar ,og at ein evaluerer bruken av ordninga med fadder.

**Vigdis Søvik, Sp**, la fram følgjande endringsframlegg til mål i tilstandsrapport.

### **1 Elevar og undervisningspersonal**

Mål 5: Styrking av PPT tenesta.

**John Torsvik, H**, la fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapporten til vitring.

Mål i rapporten vert tatt med vidare til handsaming av oppvekstplanen.

**Høgre trekte forslaget.**

#### **Røysting:**

Det vart først røysta over framlegget frå Krf: **2 Læringsmiljø**, Mål 1.

Framlegget fekk 2 røyster (Krf) og fall.

Så vart det røysta over framlegg frå Sp: **1 Elevar og undervisningspersonal**, Mål 5.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Krf: **1 Elevar og undervisningspersonal**, Mål 1 og Mål 4.  
Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret sluttar seg til dei måla som arbeidsgruppa har kome fram til med endringar, og vil be om at måla blir innarbeidde i neste tilstandsrapport.**

### **1 Elevar og undervisningspersonale**

*Mål 1: Auka elevtal, gjennom å skapa gode læringsmiljø.*

Mål 2: Rammetimetall og gruppestorleik på 2013-nivå

Mål 3: Sikra talet på lærarar med godkjend utdanning, også etter dei nye krava.

Mål 4: Ta vare på dei nyutdanna lærarane gjennom gode fadderordningar, og at ein evaluerer bruken av ordninga med fadder.

Mål 5: Styrking av PPT tenesta.

### **2 Læringsmiljø**

Mål 1: Talet på elevar som seier dei vert mobba, skal vera 0. Heim-/skulesamarbeidet må styrkast.

Mål 2: Talet på elevar som trivst på skulen, skal vera over landsgjennomsnittet

Mål 3: Talet på elevar som seier dei får god fagleg rettleiing, skal vera høgare enn no. (Lekser skal berre gjevast til gjennomgått stoff. Det må gjennomførast hyppigare elevsamtalar.)

Mål 4: Elevane skal ha eit inkluderande og trygt skulemiljø.

### **3 Læringsresultat**

Mål 1: Minst 25 % av elevane oppnår å komma på dei høgaste meistringsnivåa i lesing,

rekning og engelsk lesing på dei nasjonale prøvane i 5., 8. og 9. klasse. (Dei som strevar, må få hjelp tidleg.) Mål 2: Masfjorden skal vera mellom dei 15 beste kommunane i landet når det gjeld grunnskulepoeng. (Me må bli flinkare til å gje fleire utfordringar til dei som har lett for å læra.) Mål 3: Det skal vera godt samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakterar

#### **4 Fråfall**

Elevane frå Masfjorden skal vera godt rusta til å komma inn på og å gjennomføra Vidaregåande skule.

### **Underliggende saker:**

#### **Bakgrunn/Fakta**

Kommunestyret drøfta i sak 02/2014 å Tilstandsrapporten for 2012/13 og tilrådde at det vart sett ned ei nemnd med tre kommunestyremedlemmer for å sjå på målkrav som skal nyttast i neste tilstandsrapport. Det vart i møtet 18.09.2014 vald ei nemnd samansett av Wenke Ekren, Tove Kristin Sleire Tistel og Arthur Sjursen til å komma med framlegg til nye mål. Nemnda hadde møte måndag 24. november.

Nemnda går inn for at følgjande kommunale mål vert innarbeidde i tilstandsrapporten:

#### **1 Elevar og undervisningspersonale**

Mål 1: Auka elevtal

Mål 2: Rammetimetall og gruppestorleik på 2013-nivå

Mål 3: Sikra talet på lærarar med godkjend utdanning, også etter dei nye krava.

Mål 4: Ta vare på dei unge lærarane.

#### **2 Læringsmiljø**

Mål 1: Talet på elevar som seier dei vert mobba, skal vera 0. Heim-/skulesamarbeidet må styrkast. Mål

2: Talet på elevar som trivst på skulen, skal vera over landsgjennomsnittet

Mål 3: Talet på elevar som seier dei får god fagleg rettleiing, skal vera høgare enn no. (Lekser skal berre gjevast til gjennomgått stoff. Det må gjennomførast hyppigare elevsamtalar.)

Mål 4: Elevane skal ha eit inkluderande og trygt skulemiljø.

#### **3 Læringsresultat**

Mål 1: Minst 25 % av elevane oppnår å komma på dei høgaste meistringsnivåa i lesing, rekning og engelsk lesing på dei nasjonale prøvane i 5., 8. og 9. klasse. (Dei som strevar, må få hjelp tidleg.)

Mål 2: Masfjorden skal vera mellom dei 15 beste kommunane i landet når det gjeld grunnskulepoeng. (Me må bli flinkare til å gje fleire utfordringar til dei som har lett for å læra.)

Mål 3: Det skal vera godt samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakterar

#### **4 Fråfall**

Elevane frå Masfjorden skal vera godt rusta til å komma inn på og å gjennomføra vidaregåande skule.

#### **Vurdering**

I gruppa var det semje om at dei kommunale måla må vera knytte til dei områda som uansett skal vera med i tilstandsrapporten, nemleg læringsresultat, læringsmiljø og fråfall. Det må ikkje vera for mange mål, og dei må vera så konkrete at det er råd å seia om me har nådd dei eller ikkje. Rådmannen vil slutta seg til dette. Det er viktig at måla er realistiske samstundes somdei gjev oss noko å strekkja seg

etter. Eigne kommunale mål vil gjera det meir interessant å følgja med på utviklinga i skulen, men det vil òg stilla krav til at kommunestyret er villig til å setja inn tiltak for å nå måla. Meininga med eigne kommunale mål skal vera at kommunestyret som skuleeigar ynskjer betre oversyn over utviklinga i skulen. Dersom kommunestyret sluttar seg til framlegget til vedtak, vil dei kommunale måla bli innarbeidde i den tilstandsrapporten som vert lagd fram i vinter. Når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat har nemnda i tillegg til konkrete mål også nemnt nokre tiltak dei meiner må gjennomførast på vegen mot å nå måla. Desse tiltaka står i parantes. Rådmannen har vore i tvil om desse tiltaka skulle nemnast saman med måla. Når ein likevel har valt å gjera det, er det fordi det kan vera viktig å ha dei med dersom ein skal forstå korleis nemnda har tenkt.

### **Konklusjon**

Mål og tiltak som arbeidsgruppa har kome fram til, vert lagd fram for kommunestyret til drøfting.